

INNVIK FRUKTLAGER SA  
Gamlevegen 1  
6793 INNVIK

## Tilbakemelding til Innvik Fruktlager SA - søknad om støtte til prosjekt - Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane

Vi viser til brev datert 26. oktober 2020, sendt til oss 28. oktober 2020. Der klagar de på vårt brev av 1. oktober 2020 der vi avslår dykkar førespurnad om å dele opp eit tidlegare gitt tilskot på 15 mill. kr. til Ny infrastruktur og felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane.

Vi har vurdert brevet dykkar der de klagar på vår handsaming av saka og sjekka saka ut med juridisk kompetanse og har kome til følgjande konklusjon:

***Innvik Fruktlager har ikkje klagerett i saka. Tidlegare vurderingar i saka om at det ikkje er grunnlag for å trekke attende tilskotet vi har gitt til Vfg Eigedom gjeld framleis.***

Sogn og Fjordane fylkesting sitt vedtak i sak 31/19 var ikkje gjort under utøving av offentleg mynde og var såleis ikkje eit enkeltvedtak. Den opphavlege søknaden var ikkje stila til ei søknadsbasert ordning med retningsliner, kriterium for tildeling e.l. Det er ikkje klagerett på dette vedtaket.

Vestland fylkeskommune har i 2020 følgd opp vedtaket, og har mellom anna teke stilling til Innvik fruktlager si oppmoding om å sjå nærare på vilkåra for løyvinga på 15 mill. kr. Vi slår i brev av 1. oktober 2020 fast at tilskotet til Vfg Eigedom står ved lag. Det er avklart at det heller ikkje er klagerett på dette brevet.

Vi viser elles til dei vurderingane vi gjorde då vi av slo søknaden dykkar om å dele opp tilskotet som er gitt, og vi står ved dei vurderingane som er gjort i brev av 1. oktober 2020. Tilskotet til Vfg Eigedom er framleis gjeldande og vi ser saka som avslutta. De ber om eit møte for å presentere planar dykkar, og vi stiller gjerne på det om ynskjeleg.

Med helsing

**Bård Sandal**  
fylkesdirektør

**Endre Høgalmen**  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*